

Dykkar ref.:

Vår ref.: 13494/v1

Tlf. direkte:

E-post:

Stad/dato: Tysnes 25. september 2014

Høyringsuttale OED 01.01.14 "Et bedre organisert strømmnett"

Tysnes Kraftlag SA er eit e-verk med om lag 3000 kundar, der om lag 50 % av desse er hytte/fritidskundar. Forsyningsområdet er om lag 250 km² med eit samla distribusjonsnett på om lag 550 km. Dette gjev mykje nett med etter måten lite forbruk, og ei inntektsramme som må delast på få kWh. Det er og sær stor tilvekst av skog i forsyningsområdet. Tysnes Kraftlag SA nyttar årleg om lag 7 % av inntektsramma frå NVE på skogrydding.

Ekspertgruppa meiner i rapporten å ha svara på spørsmåla i mandatet frå OED. Vi meiner dei i liten grad har sett på mulege konsekvensar av tiltak og verkemiddel, for bransjen. Dette vil vi i høyringsuttalen forsøkje å setja lys på. Nokre av dei foreslåtte tiltaka vil få store konsekvensar for rammevilkåra for å driva små og mellomstore e-verk ute i distrikts-Noreg. Kostnaden per kunde med å driva små e-verk ute i distrikta er naturleg nok høgare enn å driva tilsvarande i sentrale strok. Det vil dei nok fortsetja å vera, også etter ei eventuell strukturendring.

Føremonene ved å vera ein liten lokal aktør ute i distrikta kan heller ikkje underslåast, særleg for kundane. Dei opplever liten avstand til sin lokale nettleverandør som leverer stabile og gode tenester. Som lokal leverandør er ein nøydd til å levera gode tenester. Aukar avstanden så minkar og lett kvaliteten. Dette er ein kjend effekt. Spørsmålet ein kan stilla er om ein leverer for gode tenester? Vi meiner ikkje det. Slik Tysnes kraftlag opplever det, har kravet til tenester når det gjeld oppetid, feilretting og kvalitet vore aukande frå samfunnet rundt oss. Ein trend som vi ser vil fortsetja all den tid samfunnet vert meir og meir avhengig av kvaliteten på vår infrastruktur. Som liten infrastukturleverandør med mykje anlegg i høve til kundetal, kjenner vi presset frå regulator. Enno har vi ein del smådriftsfordeler, med å vera liten, kjapp og lokal. Mange tilsette jobbar på tvers av fagområde, og verksemd, slik det er i dag. Dette vil endra seg drastisk dersom alle dei foreslåtte tiltaka i rapporten vert gjennomført.

Særleg gjeld dette krav om: **Selskapsmessig og funksjonelt skilje også for selskap med under 100.000 nettkundar.** Det vil medføra høvesvis store kostnader for eit selskap med 3.000 kundar i høve til eitt med 60.000 kundar. Her snakkar ein om eit høve på 1: 20. For ikkje å snakka om dei med over 100.000 kundar. Mange av dei har alt organisert seg slik. Samfunnsmessig vil kostnadane med å organisera seg som konsern med selskapsmessig og funksjonelt skilje for eit selskap med 3.000 kundar, ikkje kunna forsvare seg. Det vil medføra at alt høge kostnader pr. kunde vert enno høgare, i tillegg misser ein synergieffektane ein har i små selskap med å nytta ressursar på tvers. Kundebehandlaren kan ikkje lenger dela stillinga si. Montørar som arbeider med fiberinfrastruktur og vegljøs kan ikkje lengre delta på nettdrift. Det må inn eigne styrer med daglege leiarar for kvart selskap. Felles bruk av datasystem vert ikkje lengre mogeleg. Alt dette dreg på ekstra kostnader, som igjen vert påført kunde. Dette fremjar ikkje lik konkurranse mellom selskapa (det vert for ulikt med felles krav til selskap med 3.000 og 100.000 kundar). Vidare når det gjeld krav til nøytralitet, så vil innføring av Elhub og leverandørsentrisk modell i seg sjølv bidra til tilstrekkeleg skilje. Eit krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle selskap, vil berre føra til auka nettkostnader.



1. Tysnes kraftlag SA vil difor rå frå at selskapsmessig og funksjonelt skilje for selskap med mindre enn 100.000 kundar vert innført.

Auke av kostnadsnormens andel i inntektsrammene frå 60 til 70 %.

Tysnes kraftlag vil hevde at DEA-modellen ikkje er god nok til å forsvare ein auke frå 60 -70% som foreslått i rapporten. Endringa vil truleg medføre ein reduksjon i ramma på mellom 4 og 5 % for Tysnes Kraftlag sin del. Dette er langt mindre enn dei årlege variasjonane i inntektsramma vi kan oppleve frå regulator gjennom bruk av DEA- modellen. Med slike feilmarginar i modellen kan ein vanskeleg sjå at det er grunnlag for å endra kostnadsnormen slik det er gjort framlegg om.

2. Tysnes Kraftlag SA meiner at tida ikkje er inne for å endra kostnadsnormen slik det er foreslått i rapporten.

Fjerning av minimumsavkastning.

Tysnes Kraftlag SA er eit medlemseigd samvirkelag der overskotet i prinsippet går attende til eigarane. Det er uvisst om fordelingsnettet kan verta liggjande i selskapet eller om det må skiljast ut. Selskapet har til no klart å finansiera utskifting og fornying av nettet, utan at dette er belånt. Tysnes Kraftlag har i gjennomsnitt investert tilsvarende 40 % av inntektsramma i nettet årleg, dei siste 10 åra. Noko som er langt over snittet i bransjen. Ei eventuell fjerning av minimumsavkastninga ,saman med krav om selskapsmessig skilje vil føra til ein drastisk reduksjon av nettverdien ved eit eventuelt sal. Verdien av inntektsramma og opparbeidd mindreinntekt er og usikre i ein slik prosess. Inntektsramma vil ikkje følgja nettet over tid. Den vert ikkje vidareført på same nivå, etter ein overgangsperiode på 3 år får ein ei ny samla ramme, som ikkje vil vera lik summen av dei to.

3. Tysnes Kraftlag SA vil rå frå ei fjerning av minimumsavkastninga.

Kompetanseforskriften.

Gruppa tilrår i rapporten å fjerna kompetanseforskrifta. Tysnes Kraftlag SA er eit lite selskap med 19 tilsette. 9 av desse er utførande montørar med fagbrev og 2 er lærlingar til energimontørfaget. Heile 11 av 19 tilsette er såleis utførande montørar med fagbrev eller under utdanning. Tysnes kraftlag ser for vår del ingen føremoner med å fjerna forskrifta slik som tilrådd, snarare tvert imot, då kompetanse innan faget er eitt av våre største konkurransefortrinn.

4. Tysnes kraftlag vil ikkje tilrå ei fjerning av kompetanseforskrifta som foreslått

Med helsing

Lars Enes

dagleg leiar/elverksjef